



Eikelandet-prosjektet er det mest aktuelle i Uskedalen no.

Måndag klokka 18 blir det siste møtet i Dialogforumet i 2008 halde i Gamleskulen og denne gongen er det bustadbyggjinga i dalen som kjem i fokus.



I Ospelundenfeltet har det førebels ikkje skjedd noko. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det gjeld ikkje minst prosjektet på Eikelandet, som skal koma i gang like over nyttår. Om dette vil Andreas Hauge frå Notar, som har i oppdrag å marknadsføra dei åtte bustadane, orientera.

Ospelunden byggjefelt, som har det klart største potensialet men som førebels ikkje er opna, vil grunneigar Kjell Yri ta for seg.

Morten Harsvik har lenge hatt eit sentralt prosjekt i Uskedalen og det blir også interessant å høyra kor konkret

dette er.

Under siste møte i Dialogforumet var eldrebustader eit etterlyst tema og det er naturleg at dette blir drøfta under måndagsmøtet.

Også andre med aktuelle prosjekt blir invitert til møtet og også dei vil sjølvsagt få høve til å gje opplysningar om sine tiltak.

Prosjektleiar Kristian Bringedal vil gjerne også ha innspel om nye tema som kan takast opp på nyåret.

Møtet måndag har vore innkalt til klokka 19, men tida er justert på grunn av stor interesse for finalen i 71 grader nord.

Av Ola Matti Mathisen